



Lokale regler for elg- og hjortejakt i Langmorkje statsallm. 2024

Talet på medlemmer i jaktlag, gjestejegere m.m.

I dei «Generelle regler for elg- og hjortejakt i statsallmenning» står det at jaktlaget skal bestå av minimum 4 personar for jaktfelt med kvote til og med 3 dyr, og minimum 6 personar for jaktfelt med kvote på 4 dyr og fleire.

På jaktfelt med delt jakt og på enkelte andre felt vil normalt grunnkvota på elg bli 3 dyr. Fjellstyret krev likevel at det skal vera minimum 6 personar på jaktlaget. Dette fordi det også er jakt på hjort i tillegg til elgjakta.

For hjortejakt ved Gjende i nasjonalparken er det krav om minimum 3 personar i jaktlaget.

I dei generelle reglane står det elles i pkt. 2b at «En jeger kan kun oppføres på og delta fast på ett jaktlag». Fjellstyret praktiserer denne regelen slik at den gjeld berre for jakt på statsallmenning. Jeger eller jaktlag kan difor ha elg- og/eller hjortejakt på annan grunn enn statsallmenning samtidig.

Fjellstyret v/dagleg leder kan gje løyve til inntak av maks. to gjestejegere i kvart jaktlag. For både elg- og hjortejakt kan inntak av gjestejeger skje etter fyrste jaktveke. Fjellstyret v/dagleg leder kan i spesielle tilfelle opne for fleire gjestejegere enn to, t.d. i spørsmål om å ta med ungdom som eit rekrutteringstiltak.

Særlege regler for jaktlaga i delt jaktperiode

Jakttid for delt jakt er 25.09-10.10 (elg) og 01.09-10.10 for hjort i 1. periode, og 11.10-31.10 (elg) og 11.10-23.12 for hjort i 2. periode.

Det blir ei rulling mellom dei to jaktlaga som har jakt i same felt, slik at jaktlaget som har jakt i 1. periode i 2022, får 2. periode i 2023 og 1. periode att i 2024.

Dersom eit jaktlag fyller grunnkvota på elg pluss ev. tilleggsdyr før den 10. oktober, kan neste lag få starte jakta før den 11. oktober, sjølv om det står att hjort på totalkvota. Det same gjeld om laget i 1. periode ikkje har felt alle elgane til 10. oktober og laget i 2. periode fyller kvota før 31. oktober, da kan laget i 1. periode «sleppe til att» før den 31. oktober.

Dersom jaktlag på delt jakt ikkje har fylt grunnkvote på elg eller felt eventuelt tildelt tilleggsdyr innanfor fastsett jakttid fram til 31. oktober, vil jaktlaget/laga normalt få jakte på desse etter den 1. november.

Avklaring om å kunne sleppe til tidlegare osv. som nemnd ovanfor, må skje med fjellstyret ved dagleg leder. Slik avklaring må også skje dersom jaktlaga vil samarbeide om jakta, i tilfelle det blir aktuelt utover i jakta.

Reglar ved feilfelling (gjeld elg)

Reglar for feilfelling følgjer »Elg- og hjortejakt på statsallmenning, reaksjonar ved brudd på kontrakt». I tillegg gjeld desse reglane:

For felling av eldre ku i staden for 1 ½ års ku, og eldre okse i staden for 1 ½ års okse:

- For ku 150-165 kg og okse 150-170 kg: tilleggspris 20 % av kg-pris for heile dyret (dvs. kr. 96,- pr. kg).
- For ku 166-180 kg og okse 171-190 kg: tilleggspris 35 % av kg-pris for heile dyret (dvs. kr. 108,- pr. kg).
- For ku 181 kg og tyngre og okse 191 kg og tyngre: tilleggspris 50 % av kg-pris for heile dyret (dvs. kr. 120,- pr. kg).

Tilleggspris gjeld ikkje for okse som blir godkjent som ungdyr, sjå nedanfor.

For feilfelling av eldre okse kan gevir bli inndratt.

For felling av eldre ku i staden for eldre okse/1 ½ års okse er reaksjonen tilleggspris på 50 % av kg-pris for heile dyret, og for felling av eldre okse i staden for eldre ku/1 ½ års ku tilleggspris på 50 % av kg-pris for heile dyret samt at gevir kan bli inndratt. Ved grove feilskytingar vil inndraging av dyr og eventuelt rapport til politiet bli vurdert. Dette gjeld særleg feilfelling av produktiv ku og vakse okse over 191 kg. For feilfelling av eldre dyr, vil kvota for eldre dyr bli belasta.

Reglar ved feilfelling (gjeld hjort)

For jakt på hjort får alle laga samla ei totalkvote, fordelt på eit antal frie bukkar og eit antal hind/ungdyr/kalv. Jakta blir stoppa når totalkvota blir fylt. Dersom kvote på eldre bukk er fylt og det likevel blir felt ein eldre bukk, gjeld desse reglane for feilfelling:

- For bukk med 4-6 takkar: tilleggspris 35 % av kg-pris for heile dyret (dvs. kr. 108,- pr. kg).

- For bukk med 7 takkar eller fleire: tilleggspris 50 % av kg-pris for heile dyret (kr. 120,- pr. kg), samt at gevir vil bli inndratt.

Dersom kvote for hind/ungdyr/kalv er fylt og det blir felt ei eldre hind, blir det betalt ein tilleggspris på 35 % av kg-pris for heile dyret (dvs. kr. 108,- pr. kg).

Ved grove feilfellingar generelt vil inndraging av dyr og eventuelt rapport til politiet blir vurdert.

Andre reglar om felling av elg

Ku med tvillingkalvar er freda. Ein av tvillingkalvane kan bli felt, men dette skal ikkje skje i fyrste halvdel av jakta, dvs. i løpet av dei fyrste 14 dagane. For jaktlag på delt jakt som har 2. periode, så gjeld ikkje denne regelen og ein av tvillingkalvane kan bli felt frå fyrste dag (11. oktober).

Ku med ein kalv kan fellast (dvs. baae dyra), men berre i dei tilfella laget har rett til felling av ku og ungdyr (kalv/1 ½-åring).

Det kan fellast kalv eller 1 ½-årsdyr i staden for eldre dyr uavhengig av kjønn.

For kvote på ungdyr (kalv/1 ½-åring) skal minimum 50 % av felte dyr vera 1 ½-åring (ku eller okse), dvs. er kvota på to ungdyr skal det som minimum fellast ein 1 ½-åring, er kvota på tre ungdyr skal det som minimum fellast to 1 ½-åringar, er kvota på fire ungdyr skal det minst bli felt to 1 ½-åringar. Dette kravet kan fråvikast ved spesielle tilfelle og skal avklarast med fjellstyret v/dagleg leder. Kravet om minimum 50 % skal ein sjå samla over heile treårs-perioden.

Godkjenning av eldre dyr som ungdyr (gjeld elg)

Eldre dyr med slaktevekt under 150 kg blir godkjent som ungdyr (kalv/1 ½ åring).

Eldre okse med ein pigg/tagg på kvar side ("sykkelstyre") blir godkjent som ungdyr uansett vekt. Eldre okse under 165 kg med ein pigg/tagg på eine sida og to piggar/taggar på andre sida, blir godkjent som ungdyr. Grense for definisjon av pigg/tagg er 2 cm.

Ang. veking dyr

For veking dyr blir det vist til pkt. 4 i dei «Generelle reglane for elg- og hjortjakt i statsallmenning». Levering på viltmottak kan skje, og det er da ikkje nødvendig med veking av oppsyn. Kopi av kvitteringslappen frå viltmottaket må leverast, eventuelt at det blir sendt eit bilde av lappen. Eventuelle trekk utført av viltmottaket for feitt og skotskader blir ikkje godkjent som fråtrekk i oppgjær frå fjellstyret.

Merka elg

Vinteren 2020 vart eit elgmerke-prosjekt igangsett, og det vart merkt ein del dyr også i Langmorkje, samt vinteren 2021. Merkte dyr har ein godt synleg klave med GPS-sendar rundt halsen (ku kvit klave, okse gul klave), og med gule klyper i øyra. Det er ikkje lov å felle merka dyr. Om så skjer, må jaktlaget betale eit straffegebyr på kr. 5.000,-, og for okse vil gevir bli inndratt i tillegg.

Andre forhold ang. jakt på hjort og elg

Dersom det utover hausten er lita felling av hjort, så vil fjellstyret vurdere å «ta ut» ein del av totalkvota og t.d. selje periodekort for jakt på hjort innanfor eit avgrensa område. Aktuelle jaktlag som blir «berørt» av dette, vil bli informert.

Det same gjeld for elg i jaktfelt der det er att dyr på grunnkvota, og jaktlaget meir eller mindre har avslutta jakta.

Bruk av hund

Fjellstyret krev at det er godkjent ettersøksekvipasje (hund og fører) i jaktlaget. Av omsyn til beitedyr er det ikkje lov å nytte laus hund til jakt på hjort i tida 01.09-24.09. Dette kravet gjeld ikkje for ein del av området med hjortejakt i nasjonalparken, dvs. frå Leirungsåe og vestover langs sørsida av Gjende. Fordi det i fleire område vil gå att sau på utmarksbeite etter den 25. september, blir det stilt krav om saureinheitsbevis for hundar som blir sleppt laus. For bruk av hund elles blir det vist til dei offentlege reglane.

Før jakta er det ikkje lov å trene hund (dvs. med laushund) i sitt eige jaktfelt, og heller ikkje elles i Langmorkje. Etter at jakta er avslutta, kan fjellstyret ved dagleg leder gje løyve til trening av laushund på eige jaktfelt.

Ettersøksplikt, melding om skadeskyting, påskyting m.m.

Jaktlaget må sette seg nøye inn i reglane om ettersøksplikt, varsling osv. Er det minste tvil om eit dyr er truffe, skal prosedyre for ettersøk bli gjennomført og melding til fjelloppsyn og kommunen (ved kontaktperson) skje. Alle påskytingar på elg og hjort skal varslast fjelloppsynet (også om ein er hundre prosent sikker på bom).

Om utvida jakttid

Som det står i kontrakten, kan jakttida for elg bli utvida etter 1. november. Jakttida blir normalt forlenga dersom ein del av grunnkvota ikkje er felt i ordinær jakttid. Jakttida kan også bli forlenga for jakt på tilleggssdyr.

Overgang til andre felt

Fjellstyret ved dagleg leder kan gje jaktlag løyve til å kunne jakte på grunnkvotedyr (elg) i andre jaktfelt, fortrinnsvis i nabofelt. Dette kan skje dersom jaktlaget i det andre feltet er ferdig med grunnkvota. I heilt spesielle tilfelle kan slik overgang også bli opna for i felt der det ennå står att dyr på grunnkvota, t.d. dersom jaktlaget har avslutta jakta eller det er tvilsamt at det blir jakta meir.

For jakt på hjort kan det bli opna for overgang til nabofelt dersom jaktlag i naboterreng meir eller mindre har avslutta jakta.

Jakthundprøver

Den lokale elghundklubben (Jotunfjell Fjordane elghundklubb) har løyve på bestemte vilkår å kunne nytte Langmorkje statsallmenning til gjennomføring av m.a. jaktprøve

for laushundar. Dette skjer normalt etter at elgjakta er avslutta i dei ulike jaktfelte. Fjellstyret ved dagleg leder kan også opne for laushundprøver i elgjakta, t.d. i jaktfelt der jaktlaget har eit lengre opphald i jakta.

Anna jakt

Under elg- og hjortejakta skjer det også anna jakt, noko som jaktlaga må ta omsyn til. Det er opna for rådyrjakt, dvs. bukkejakt frå 10. august fram til den ordinær rådyrjakta, som startar 25. september. Det er lov med hund på rådyrjakt frå 1. oktober («løs på drevet halsende hund»). Harejakt med hund for innanbygds er lov i tida 15.09 - 24.09 og 01.10 – ut februar, og for utanbygds i tida 11.10 – 23.12. Småviltjakta med og utan hund elles startar 15. september.

Innlevering av materiell etter jakta, samt anna innsamling

Følgjande blir levert til fjelloppsynet innan 10 dagar etter jakta:

Jaktpermen, reingjorde kjevar av både elg og hjort, og ev. utlevert nøkkel til vegbom. ”Sett-elg”/”Sett-hjort” skal innrapporterast på www.settogskutt.no, og gjort ferdig innan 10 dagar etter avslutta jakt.

Jakttårn, rydding av skytegater, viltkamera

Utplassering av jakttårn skal avklarast med fjellstyret v/dagleg leder. Det same gjeld rydding av skytegater. Utplassering av saltstein er ikkje lov. Dersom jaktlag ønskjer å setje opp viltkamera i samband med planlagt jakt, så er dette greitt på eige felt. Fjelloppsynet skal likevel bli varsla om dette og plassering av kamera.

Slakteavfall

Slakteavfall kan bli lagt att ute i terrenget i eige jaktfelt, men ikkje i nærleiken av bekk/elv eller bygningar. Ta med hjarte, lunge, lever, milt og nyrer, for eventuelt framvising til veterinær dersom det viser seg nødvendig med veterinærkontroll av slaktet. Slakteavfall (inkludert skinn) skal ikkje kastast i søppelcontainer.

Reglar for motorferdsel

Det er ikkje særskilde reglar for motorferdsel i samband med jakta utover dei offentlege reglane for motorferdsel i utmark, dvs. bruk av motorkjøretøy er lov i samband med uttransport av elg og hjort. Fjellstyret vil likevel minne om at uttransport av felte dyr må skje så skånsamt som mogleg slik at det ikkje blir stygge sår i terrenget. Spesielt gjeld dette på myrer og andre blaute parti.

Fjellstyret vil elles minne om at det ikkje er lov å transportere jegere og utstyr ut i jaktterrenget (i utmark) med motorisert hjelpemiddel.

For uttransport av felt elg/hjort i naturreservata i Sjødalen har fjellstyret ordna med dispensasjon for at det også kan nyttast ATV-er (gjeld tre aktuelle jaktlag, dvs. Rindhovda, Sjødalen vest og Sjødalen aust). I verneforskriftene for desse naturreservata står det at uttransport kan skje berre med bruk av beltegåande kjøretøy. For hjortejakta i nasjonalparken kan båt med motor inntil 10 hk nyttast på Gjende av innanbygds, fordi denne jakta er utøving av ein bruksrett.

Oppsyn og kommunal viltforvaltning

Namn og telefonnummer på fjelloppsyn og kontaktpersonar i den kommunale viltforvaltninga, blir lista opp på eit eige ark og lagt inn i jaktpermen.

På same arket vil det også stå namn og telefonnr. til alle jaktledere i Langmorkje samt i alle nabofelt.